



GOL KOMMUNE  
Gamlevegen 4  
3550 GOL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristian Tveiten, 32266833

## Gol – Uttale med motsegn til 2. gongs høyring av kommuneplanens arealdel 2023 - 2035

Vi viser til brev datert 30. november 2023 med 2. gongs høyring av kommuneplanens arealdel 2023-2030.

---

**Statsforvaltaren i Oslo og Viken fremmer motsegn til 2. gongs høyring av Gol kommune sin arealdel av kommuneplanen for å ivareta nasjonale og regionale interesser, jf. plan- og bygningslova § 5-4.**

**Vi fremmer motsegn til følgjande område og føresegn:**

- **3.13 Nystølfjellet - FB-1**
- **4.4 Kamben - FB-28**
- **4.5 Kamben - FB-29**
- **4.10 Bualie midt - FB-24**
- **4.12 Bualie nord - FB-20**
- **4.14 Guriset - NÆ-2**
- **4.15 Guriset - FB-10**
- **4.18 Oset høyfjellshotell - KBA-9**
- **4.19 Oset/Tisleia - FB-30**
- **5.3, 5.4 og 5.7 Auenhauglie og 5.8 Golsfjellet fjellstue - FB-25**
- **5.13 Lauvset ved Sagbråten seter - FB-19**
- **6.1 Nystølsameiga - FB-15**
- **Føresegn 2.6 a), c) og d)**

Utover dette har vi faglege merknader og anbefalingar knytt til samfunnstryggleik, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, naturmangfald, landskap, landbruksinteresser og jordvern, vassmiljø og avløp. I tillegg er ein del av motsegnene vi fremma ved 1. gongs høyringa å anse som løyst.

**Vi viser til våre vurderingar nedanfor for utdjuping av motsegnene og dei faglege merknadane. Ein juridisk gjennomgang av dei reviderte planføresegnene ligg som vedlegg.**

---



## Bakgrunn

Gol kommune har lagt ut forslag til ny arealdel av kommuneplanen på 2. gongs høyring. Opphavleg forslag til ny arealdel låg først ute til offentleg ettersyn våren 2021. I vårt brev av 29. juni 2021 fremma vi motsegn til følgjande forhold i planforslaget:

- Mangelfull ivaretaking av forhold som har vesentleg betydning for samfunnstryggleik.
- Manglar i konsekvensutgreiinga knytt til omsynet til myr og kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap og beiteressursar.
- Mangelfull ivaretaking av omsynet til naturmangfald, landbruk og/eller landskap knytt til i alt 28 foreslåtte utbyggingsområde.

Med bakgrunn i innkomne motsegn og merknadar har kommunen revidert planforslaget med tilhøyrande utgreiingar:

- Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) er oppdatert slik at alle innspel er vurdert.
- Konsekvensutgreiinga (KU) viser no til funn i ROS-analysen, og KU-en er oppdatert med bakgrunn i naturtypekartlegging og synfaring. På denne bakgrunn er det gjort ei ny vurdering av alle område.
- Føresegnene er oppdatert.

Følgjande nye utbyggingsområde er tatt inn:

- 2.1 Halli, 5/26 (bustader)
- 3.13 Nystølfjellet, 4/136 (fritidsbustader)
- 4.1 Storefjell (kombinert formål)
- 4.8 Storefjell – Bualie samanbinding skiheis, 10/6 (idrettsanlegg)
- 5.11 Lauvsjø, 35/12 (fritidsbustader)

Følgjande foreslåtte utbyggingsområde frå 1. gongs høyringa er redusert i storleik:

- 3.3 Smøget (masseuttak)
- 3.5 Tretteskogane, 25/50 (fritidsbustader)
- 4.2 Einarset, 24/9 (fritidsbustader)
- 4.7 Ørterstølen, 4/7 (kombinert formål)
- 4.11 Buo, 13/21 (fritidsbustader)
- 4.15 Guriset, 13/265 fritid (fritidsbustader)
- 6.1 Nystølsameiga, 17/72 (fritidsbustader)

Følgjande foreslåtte utbyggingsområde frå 1. gongs høyringa er teke ut av planen:

- 4.13 Guriset, 13/265 næring (næring)
- 5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8 (fritidsbustader)
- 5.15 Hemsedal GolfAlpin (fritidsbustader)
- 7.2 Vermefoss, 17/20 og 17/238 (næring)

Andre endringar i plankartet:

- Alle nye område for LNF-område med spreidd fritidsbustad som var lagt inn ved 1. gongs høyring, er fjerna.
- «Smøget skytebane», som har vorte tilbakeført til LNF-formål, er endra frå LNF – eksisterande til LNF – framtidig. Det same gjeld tidlegare område for masseuttak ved Skrøyvestålane.

## Statsforvaltaren si rolle

Vi skal bidra til at planer tek vare på nasjonale og vesentlege regionale interesser innan landbruk, klima og miljøvern, folkehelse, barn og unges interesser, samfunnstryggleik og gravplassar. Statsforvaltaren skal arbeide for at Stortingets og regjeringas vedtak, mål og retningslinjer innan våre ansvarsområde blir fylgt opp i kommunale planar. Kommunen er planmyndigheit og har ansvaret for at formelle krav til innhald og planprosess oppfyllest i planarbeidet, jf. plan- og bygningsloven.



## Vurdering

Det er positivt at Gol kommune har revidert forslaget til ny arealdel av kommuneplanen med bakgrunn i innkomne motsegn, faglege merknader og innspel. Som kjend utgjer denne planen det overordna styringsinstrumentet for arealforvaltinga i fjellområda i kommunen, og legg difor også rammene for utbygging av fritidsbustadar og reiselivstiltak. I den samanheng er det avgjerande at kommuneplanen legg til rette for ei balansert arealbruk mellom vekst og vern, og som ivaretek både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, jf. pbl. § 11-1 andre ledd.

Heilskaplege plangrep basert på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å styre omfanget og lokaliseringa av utbygginga i samsvar med gjeldande nasjonale og regionale føringar. Sidan 1. gongs høyringa i 2021, har regjeringa også vedtatt nye *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Vi ønsker å trekke fram følgjande forventningar av særleg relevans i denne samanheng:

*«Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster.»*  
(pkt. 47)

*«Regionale og kommunale planar legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark. Utbygginga blir avgrensa mot samanhengande natur- og friluftslivsområde og viktige område for landbruk, reindrift og andre næringar, blant anna gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.»* (pkt. 56)

*«Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Ein bør unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa og på myr.»* (pkt. 57)

Gol kommune påpeiker at det i gjeldande planverk er om lag 1200 hyttetomter som er regulert, men ikkje utbygd. Ein del av desse tomtene inngår i eldre reguleringsplanar lokalisert utanfor satsingsområda for turisme og reiseliv i kommunen. I tillegg kjem utbygging som er mogleg i område satt av til LNF-formål – spreidd fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan.

På tross av ein vesentleg arealreserve, er det i forslaget til ny arealdel lagt inn mange nye byggeområde. I konsekvensutgreiinga viser kommunen til at nye foreslåtte utbyggingsområde i planforslaget utgjer 1650 dekar areal som er satt av til LNFR-formål i gjeldande plan.

Kommunane har ei avgjerande rolle for å oppnå nasjonale klima- og miljømål. I dette ligg eit stort ansvar. Gol kommune skal ha skryt for fleire av grepa som no er foreslått av omsyn til naturmangfald, myr, vassmiljø, landbruk og landskap. På eit overordna nivå inneber planforslaget i hovudsak justeringar og utvidingar av eksisterande byggeområde. Isolert sett er det positivt at desse grepa er av ei slik karakter at foreslått arealbruk i ein del tilfelle ikkje kjem i vesentleg konflikt med nasjonale og regionale interesser innan våre ansvarsområde.

Samstundes vil vi påpeike at sjølv om eit enkelt byggeområde ikkje nødvendigvis er i vesentleg konflikt med nemnte interesser, er vi **sterkt kritisk** til den samla belastninga og ytterlegare fragmenteringa av urørt natur i fjellområda som planforslaget legg opp til. Etter vårt syn har Gol kommune difor et klart potensial til å legge til rette for ei enda meir berekraftig lokalisering,



utbygging og bruk av fritidsbusetnadar, der hyttebygginga i større grad er avgrensa til satsingsområda på Golsfjellet.

Det hadde difor vært formålstenleg om planforslaget i større grad hadde lagt til grunn ei meir gjennomgripande og framoverlent tilnærming til tidlegare godkjent arealbruk, som ikkje lenger er i samsvar med dagens overordna føringar. Vi har ved mange relevante høve dei siste åra påpeika behovet for dette, for å unngå utbygging og dempe utbyggingspresset i dei delane av kommunen som er mindre påverka av hyttebygging. Etter vårt syn er difor tida overmoden for Gol kommune til å gjennomgå og oppheve eldre arealplanar som ikkje lenger er i tråd med nasjonale og regionale mål og føringar, jf. dei nasjonale forventningane. Vi gjer i denne samanheng oppmerksom på at kommunar no kan [søke om tilskot frå Miljødirektoratet](#) for ein slik gjennomgang av eldre planar (årets frist er allereie 11. februar).

Med bakgrunn i det ovannemnde, vil vi i det følgjande gjennomgå det reviderte planforslaget ut frå våre ansvarsområde. Ettersom planen er på 2. gongs høyring, vil det tydeleg gå fram der våre motsegner til det opphavelige planforslaget er å anse som løyst. Vi gjer oppmerksom på at juridisk avdeling har gjennomgått det reviderte forslaget til føresegn. Gjennomgangen er vedlagt denne uttalen.

Innleiingsvis vil vi også vise til at det blei fremma motsegn til tre av dei fire områda som no er foreslått endra frå utbyggingsformål ved 1. gongs høyring til LNF-formål i det reviderte planforslaget. Dette gjeld områda 4.13 (tidlegare 4.11) Guriset, 5.9 Lausjø og 7.2 Vernefoss. **Som følgje av at områda ikkje lenger er foreslått satt av til utbyggingsformål, er motsegnene til desse å anse som løyst.** Dersom områda blir tatt inn att ved politisk behandling, vil motsegnene framleis gjelde.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Omsynet til samfunnstryggleik skal være førande for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Planmyndigheten skal etter krav i plan- og bygningslova § 4-3 sjå til at det ved utarbeiding av planer for utbygging utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), eller sjølv utarbeide ein. Formålet med ROS-analysen er å vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagd utbygging.

Kartlegginga av farar skal i arealdelen av kommuneplanen i hovudsak vere på varsemndnivå, dette motsvarer ei grovare kartlegging.

Ved 1. gongs høyring fremma vi motsegn til planforslaget på bakgrunn av mangelfull ivaretaking av forhold som har vesentleg betydning for samfunnstryggleik, jf. kommunens plikt etter plan- og bygningslova § 4-2 om planomtale og konsekvensutgreiing og §§ 3-1 bokstav h og 4-3 om samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse.

Gol kommune har no gjort gode vurderingar knytt til samfunnstryggleik i ROS-analysen. Revidert planmateriale omfattar risiko- og sårbarheitsvurderingar av nye og utvida område, samtidig som sannsyn og konsekvens er tatt med i risiko- og sårbarheitsvurderingane til alle områda. Planmaterialet vurderer risikoen for ulike farar ved kvart arealinnspill i ROS-analysen, og vurderingane ligg vidare til grunn i konsekvensutgreiinga. Farane blir vidare fylgt opp i plankart, planføresegner og planomtale, slik at resultatet i tilstrekkeleg grad kjem til uttrykk i planforslaget. Dette sikrar at ROS-analysen får ei praktisk betydning.



Med bakgrunn i det ovannemnde, finn vi at det reviderte planforslaget ivaretek krava til samfunnstryggleik. **Motsegna vi hadde knytt til mangelfull ivaretaking av samfunnstryggleik, er difor å anse som løyst.**

Vi har likevel to faglege merknader som vi på det sterkaste oppfordrar kommunen til å innarbeide i planen. Det eine gjeld faresone for sprengstofflager. Vi viser i den samanheng til tidlegare dialog med kommunen i e-post av 4. november 2021. Eit slik lager bør være angitt med ei omsynssone for brann- og eksplosjonsfare utan nærmare identifisering. Det andre gjeld omsynssone til storulykkeverksemdar. Kommunen har markert ei slik omsynssone i plankartet, men det manglar føresegnar som beskriver kva omsyn som skal tas i sonen. Vi tilrår at dette utarbeidast.

### Naturmangfald og landskap

Ved 1. gongs høyring fremma vi eit generelt motsegn til konsekvensutgreiinga grunna mangelfullt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og vurderingar knytt til nedbygging av myr. I tillegg hadde vi motsegn til i alt 21 foreslåtte utbyggingsområde av omsyn til naturmangfald, myr og landskap. På bakgrunn av dette har kommunen oppdatert konsekvensutgreiinga og gjort endringar i plankart og føresegnene.

#### *Kunnskapsgrunnlag om naturmangfald*

Konsekvensutgreiinga er oppdatert med funn frå naturtypekartlegginga som har blitt gjennomført på Golsfjellet på oppdrag for Miljødirektoratet. På denne bakgrunn er plankart og føresegn oppdatert. Samstundes er det enkelte foreslåtte utbyggingsområde vi framleis meiner har eit utilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Dette går fram av vår gjennomgang av konkrete område nedanfor. På eit overordna nivå finn vi likevel at planforslaget i tilstrekkeleg grad er konsekvensutgreia ut frå tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 8. **Motsegna vi fremma til konsekvensutgreiinga knytt til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

#### *Myr og våtmark*

Konsekvensutgreiinga er oppdatert med omsyn til myr. Vurderingane er lagt til grunn ved utforming av plankart og føresegn, slik at foreslåtte utbyggingsområde no er redusert slik at dei all hovudsak ligg utanfor myr/våtmark.

På side 4 i kommunen sitt tilsvaret til våre motsegn og merknadar, vises det til at «frå innspela kom inn til no, har tap av myrområde vorte redusert frå 340 daa til og lag 58 daa.» Det leggest til grunn at dei 58 dekar med myr som ligg inne i byggeområder i kommuneplanen, skal ivaretakast gjennom reguleringsplan, jf. kap. 2.6 i planomtala. I tilsvaret til våre motsegn, viser kommunen også til at vern av myr er sikra i det generelle føresegna 1.10 om jordvern («bebyggelse skal ikkje kome i konflikt med (...) myr»).

Vi kan ikkje sjå at «myr» inngår i formuleringa til nemnde føresegn. Omsynet til myr er likevel innarbeida i en rekke andre aktuelle føresegn. Vi vil særleg trekke fram følgjande foreslått føresegn 2.1 bokstav k:

*«Ved detaljregulering skal myrområde bevarast og nyttast til friområde og/eller LNF-område. Bebyggelse, vegar og annan teknisk infrastruktur skal leggest utanom myrområde og deira kantsoner. Unntaksvis kan det etablerast infrastruktur, under føresetnad at det blir teke omsyn til økologisk tilstand, økosystemtenester og vassystem.»*



Det er positivt at konsekvensutgreiinga er oppdatert med vurderingar knytt til myr, og at disse vurderingane er lagt til grunn i revideringa av foreslåtte byggeområde og føresegn for unngå inngrep i myr. Føresegn 2.1 bokstav k er heimla i plan- og bygningslova § 11-9 som gjeld generelle føresegn til arealdelen av kommuneplanen. Vi legg difor til grunn at omsynet til myr slik det går fram av føresegn 2.1 bokstav k gjeld for *alle arealformål* som opnar for fritidsbusetnad, og *uavhengig* av krav til reguleringsplan.

På eit overordna nivå finn vi difor at konsekvensutgreiinga i tilstrekkeleg grad er oppdatert med vurderingar om myr. **Motsegna vi fremma til konsekvensutgreiinga knytt til manglande vurderingar om myr er difor å anse som løyst.** Samstundes finn vi at det for enkelte foreslåtte byggeområde framleis er behov for ytterlegare vurderingar om myr. Dette går fram av gjennomgangen nedanfor.

### *Gjennomgang av foreslåtte utbyggingsområde*

Vi fremma motsegn til i alt 21 foreslåtte utbyggingsområde av omsyn til naturmangfald og/eller landskap ved 1. gongs høyringa. Tre av desse områda er i det reviderte planforslaget endra til LNF-formål, og som nemnd ovanfor er difor motsegna vi hadde til desse å anse som løyst. I tillegg er det lagt inn 5 nye forslag til utbyggingsområde. Følgeleg står att 18 område vi fremma motsegn til ved 1. gongs høyring og 5 område som er tatt inn til 2. gongs høyringa. Vi vil i det følgjande gå gjennom desse områda ut frå nasjonale og regionale føringar om naturmangfald, landskap og myr/våtmark. Ein del område har fått ny nemning frå 1. gongs høyringa. Opphavleg nemning står i parentes for dei aktuelle områda.

#### *2.1 Halli - B-1*

Innspelet er tatt inn ved 2. gongs høyring og legg til rette for utbygging av inntil 8 bustader ved grenda Herad, om lag 4,2 km i luftlinje unna Gol sentrum. Foreslått arealbruk er i liten grad i tråd med regionale og nasjonale føringar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. **Difor rår vi ifrå å gå vidare med innspelet.**

#### *3.5 Tretteskogane og 3.6 Bjørkum - FB-16*

Vi ser dei to innspela 3.5 og 3.6 i samanheng som del av område FB-16. Formålsgrensene er endra for unngå inngrep i myr og for å sikre ei buffersone på 200 meter til eit vatn der horndykkar er observert. Det blei ikkje registrert naturtypar i NiN-kartlegginga. Forslaget inneber ei utviding av eksisterande hytteområde, og legg til rette for en utbygging med totalt om lag 22 nye einingar.

Med bakgrunn i desse plangrepa, finn vi at den reviderte løysninga for området tek tilstrekkeleg omsyn til myr og naturmangfald av nasjonal verdi. **Motsegna vi fremma av omsyn til myr, urørt natur og manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, er difor å anse som løyst.** Samstundes er arealinnspela utanfor satsingsområda for turisme og reiseliv. Av omsyn til samla belastning og for å redusere inngrep utanfor satsingsområda, rår vi difor ifrå å gå vidare med innspelet.

#### *3.8 Johannesdalen - FB-6*

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt ved Tubbehaugen camping med inntil 7 nye fritidsbustadar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med omsyn til vurderingar knytt til våtmarksfugl. Det blei ikkje registrert naturtypar i NiN-kartlegginga. **Motsegna vi fremma av omsyn til myr og manglande kunnskapsgrunnlag om våtmarksfugl er difor å anse som løyst.**



### 3.9 Tubbehaugen camping - FTU-3

Innspelet gjeld stadfesting av faktisk arealbruk som campingplass. Konsekvensutgreiinga viser til at det er utført ei kartlegging av viktig våtmarksområde i 2011 og 2021, der det er vurdert at det aktuelle området ikkje er av verdi som hekkeområde for våtmarksfugl. **Motsegna vi fremma omsyn til våtmarksfugl er difor å anse som løyst.**

### 3.10 Røyseskogen - FB-23

Innspelet gjeld fortetting av eksisterande hyttefelt med 5 nye einingar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med vurderingar knytt til våtmarksfugl. **Motsegna vi fremma av omsyn til våtmarksfugl er difor å anse som løyst.** Av omsyn til samla belastning og for å redusere inngrep utanfor satsingsområda for turisme og reiseliv, rår vi likevel ifrå å gå vidare med innspelet.

### 3.13 Nystølfjellet – FB-1

Innspelet er tatt inn ved 2. gongs høyring og gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt. Opphavleg innspel var på 457 dekar og om lag 150 nye fritidsbustader, men i planforslaget er arealet redusert til 266 dekar.

Området ligg ikkje innafor eit satsingsområdet i kommunen, og vi er difor svært kritisk til omfanget av ytterlegare utbygging i dette området av omsyn til samla belastning utanfor dei prioriterte områda for hyttebygging i kommunen. Vidare er ikkje området naturtypekartlagd eller på annan måte fysisk synbart. Etter vårt syn er difor kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald mangelfullt, jf. naturmangfaldlova § 8. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til det foreslåtte byggeområdet, da potensielle konsekvensar for naturmangfald av nasjonal og regional verdi ikkje er tilstrekkeleg utgreia.** På eit overordna nivå oppmodar vi kommunen til å ikkje gå vidare med innspelet, av omsyn til samla belastning utanfor satsingsområda.

### 4.1 Storefjell – KBA-6

Innspelet er tatt inn ved 2. gongs høyring og gjeld endring av areal regulert til parkering og grønstruktur, som del av Storefjell høgfjellshotell. Foreslått arealformål er kombinert formål næring og fritidsbustadar. Det går fram av innspelet av «tiltakshavar ønsker ikkje større utbyggingsområde eller fleire einingar enn kva som er regulert, men ønsker større fridom til korleis dei kan utvikle området.» Vi har ingen spesielle merknadar til innspelet ut frå nasjonale og regionale interesser innan klima og miljø.

### 4.2 Einarset (før 4.1 Einarset) – FB-9

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt på Storefjell med om lag 4 nye fritidsbustadar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med funn frå NiN-kartlegging, som viser funn av boreal hei med svært låg lokalitetskvalitet. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

### 4.3 Kamben (før 4.2 Kamben) – FB-27

Innspelet gjeld å fastsette tre frådelte stølsbygningar til fritidsbusetnad. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med kunnskap frå NiN-kartlegging, utan funn av naturtypar av nasjonal og regional verdi. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

### 4.4 Kamben (før 4.3 Kamben) – FB-28

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt på Storefjell med om lag 8 nye fritidsbustadar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med funn frå NiN-kartlegging, som viser funn av naturbeitemark



med svært låg lokalitetskvalitet. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

#### 4.5 Kamben (før 4.4 Kamben) – FB-29

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt på Storefjell med om lag 6 nye fritidsbustadar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med funn frå NiN-kartlegging, som viser funn av naturbeitemark med svært låg lokalitetskvalitet. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

#### 4.6 Ørterstølen (før 4.5 Ørterstølen) – NÆ-6

Området er allereie bygd med hytter og leilegheiter og innspelet gjeld endring frå næringsformål til fritidsbusetnad. I konsekvensutgreiinga vises det til at foreslått formålsendring er i tråd med prinsippvedtak i kommunestyret om å «lempe på krav til utleige.» Vidare er konsekvensutgreiinga oppdatert med kunnskap frå NiN-kartlegging, utan funn av naturtypar av nasjonal og regional verdi. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

Likevel rår vi ifrå foreslått formålsendring, ettersom det inneber at varme senger blir erstatta med kalde senger. Tilrettelegging for utleiehytter er positivt av omsyn til klima og bidrar til å dempe utbyggingspresset. Vidare bidrar det til at ein større del av befolkninga kan få moglegheit til å oppleve friluftsliv, som er positivt av omsyn til sosial berekraft.

#### 4.7 Ørterstølen (før 4.6 Ørterstølen) – KBA-8

Innspelet gjeld ei utviding av ovannemnde hytteområde med om lag 8 nye fritidsbustadar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med funn frå NiN-kartlegging, som viser funn av semi-naturleg eng med svært låg lokalitetskvalitet. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

Området er foreslått satt av til kombinert fritids- og turistformål, og grenser til myr. Som nemnd ovanfor, skal det takast omsyn til myr i detaljregulering for fritidsbustadar, jf. foreslått føresegn 2.1 bokstav k. Vi føreset at føresegna også gjer seg gjeldande for område satt av til kombinert fritids- og turistformål.

#### 4.8 Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis – IDR-1

Innspelet er tatt inn ved 2. gongs høyring og har til hensikt å binde saman to skiheisar. I konsekvensutgreiinga blir det vist til at ein på den måten «får eitt større skianlegg på Golsfjellet i staden for fleire små. Dette kan vere veldig positivt for både næringa i Gol og Golsfjellet som turistdestinasjon.»

Området er på 87 dekar og består av den kartlagde naturtypelokaliteten [Storefjell 1](#), som består av boreal hei med høg lokalitetskvalitet. Lokaliteten er av svært stor storleik og går inn i dei urørte og høgastliggjande delane av Storefjell. Vidare omfattar innspelet myr.

For at samfunnsnyttan av foreslått arealbruk skal stå forholdsmessig til miljøinteressene vi er satt til å ivareta, legg vi betydeleg vekt på at det i tilstrekkeleg grad blir tatt omsyn til myr og naturmangfald. Det er difor avgjerande at det i foreslått føresegn 2.6 er sikra at heisbuer ikkje skal plasserast på myr. I tillegg føreset vi at man på reguleringsplannivå sikrar at inngrep i ovannemnde naturtypelokalitet haldast på eit absolutt minimum.





#### 4.9 Bualie vest (før 4.7 Bualie vest) – FB-21

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hytteområde med om lag 30 fritidsbustadar. Arealet omfattar naturtypelokaliteten [Ørterhovda S2](#), som består av naturbeitemark med sentral økosystemfunksjon og moderat lokalitetskvalitet. Såleis er lokaliteten i utgangspunktet av nasjonal og regional verdi. Samstundes er tilstanden vurdert som dårleg grunna gjengroing. Størsteparten av lokaliteten ligg innan areal satt av til eksisterande idrettsformål (alpinanlegg). I tillegg er innspelet omfatta av to naturtypelokalitetar med boreal hei av svært låg kvalitet, og ein annan lokalitet med naturbeitemark av låg kvalitet. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med kunnskapen om naturmangfald. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

Arealet ligg eksponert i landskapet på om lag 940 til 1010 meter over havet. Sjølv om det utgjør ei utviding av eksisterande fritidsbusetnad i eit satsingsområde på Golsfjellet, vil det trekke det bygde preget lenger utover og oppover i landskapet. På denne bakgrunn rår vi ifrå å gå vidare med innspelet.

#### 4.10 Bualie midt (før 4.8 Bualie sør) – FB-24

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hytteområde på Golsfjellet. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med kunnskap frå NiN-kartlegging, utan funn av naturtypar av nasjonal og regional verdi. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.**

#### 4.11 Buo (før 4.9 Bualie) – FB-22

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hytteområde på Golsfjellet med om lag 15 einingar. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med kunnskap frå NiN-kartlegging, utan funn av naturtypar av nasjonal og regional verdi. **Motsegna vi fremma av omsyn til manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald er difor å anse som løyst.** Samstundes inneber innspelet ei utviding inn i eit meir samanhengande LNF-område. Vi rår difor ifrå å gå vidare med innspelet.

#### 4.12 Bualie nord (før 4.10 Bualie nord) – FB-20

Innspelet har til hensikt å legg til rette for om lag 10 fritidsbustadar i det som i dag er eit større samanhengande LNF-område. Konsekvensutgreiinga er oppdatert med bakgrunn i funna frå NiN-kartlegging, som viser at området består av naturtypelokaliteten [Fjellro Ø](#), registrert med boreal hei av moderat kvalitet og sentral økosystemfunksjon. Lokaliteten er difor av nasjonal og regional verdi. Foreslått arealbruk vil slå hull på eit stølsområde som i mindre grad er påverka av hyttebygging og medføre nedbygging av ein naturtype med status sårbar på *Norsk raudliste for naturtypar 2018*.

Ved 1. gongs høyring fremma vi motsegn til dette området grunna manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. Som nemnd viser NiN-kartlegginga at området består av naturmangfald av nasjonal og regional verdi. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til foreslått byggeområde 4.12 Bualie nord – FB20.**

#### 5.11 Lauvsjø – FB-32

Innspelet er tatt inn ved 2. gongs høyring og gjeld endring av eit LNF-område på 7 dekar for å legge til rette for om lag 4 fritidsbustadar. Innspelet ligg i eit område med spreidd fritidsbusetnad. Av omsyn til samla belastning utanfor satsingsområda for reiselivstiltak og turisme, rår vi ifrå å gå vidare med innspelet.



#### 4.15 Guriset (før 4.13 Guriset) – FB-10

Innspelet gjeld ei utviding av eksisterande hytteområde med om lag 10 einingar.

Konsekvensutgreiinga er oppdatert med bakgrunn i funna frå NiN-kartlegging, som viser at området består av naturtypelokaliteten [Gurisethovda](#), registrert med boreal hei av moderat kvalitet og sentral økosystemfunksjon. Lokaliteten er difor av nasjonal og regional verdi.

Ved 1. gongs høyring fremma vi motsegn til dette området grunna manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. Som nemnd viser NiN-kartlegginga at området består av ein naturtype av nasjonal og regional verdi. Vidare ligg arealet på om lag 1015 meter over havet, og vil trekke fritidsbusetnaden oppover i det som er eit forholdsvis eksponert landskap.

Kommunane skal gjennom arealplanlegginga ivareta biologisk mangfald og landskapet sin sårbarheit ved å ikkje tillate ny fritidsbusetnad og andre større inngrep over tregrensa eller i det høgastliggende skogbeltet, jf. retningsline 1 under kap. 4.4.5 i *Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035*.

Etter dette finn vi at foreslåtte arealbruk i utilstrekkeleg grad er i samsvar med nasjonale og regionale føringar knytt til ivaretaking av naturmangfald og landskap i forvaltninga av fjellområde. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til foreslått byggeområde 4.15 Guriset – FB-10.**

#### 4.18 Oset høyfjellshotell (før 4.16 Oset høyfjellshotell) – KBA-9

Innspelet gjeld ei endring av areal satt av til næringsverksemd – framtidig i gjeldande kommuneplan (etablering av utleigehytter), til kombinert fritids- og turistformål – framtidig (om lag 25 nye einingar).

Ved 1. gongs høyring fremma vi motsegn til dette området grunna manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. Deler av området er NiN-kartlagt og konsekvensutgreiinga er oppdatert på bakgrunn av dette.

Det aktuelle arealet er omfatta av myr, som i liten grad er belyst i konsekvensutgreiinga. Sjølv om området er satt av til byggeformål i gjeldande kommuneplan, er nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av myr vesentleg innskjerpa sidan gjeldande plan vart vedteken i 2011. For å oppnå Noregs evne til å oppfylle natur- og klimamåla, er det viktig å bruke planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som myr og andre typar våtmark, jf. pkt. 48 og 49 i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*.

Etter dette er vi av den oppfatning at det aktuelle området framstår lite eigna for utbygging og bør følgeleg settast av til LNFR-formål. Dersom kommunen likevel vil gå vidare med innspelet, må planforslaget og konsekvensutgreiinga i større grad vurdere tilstanden på dei eksisterande myrene i området, og synleggjere korleis omsynet til desse i tilstrekkeleg grad kan bli sikra.

**På bakgrunn av dette fremmer vi motsegn til foreslått byggeområde 4.18 Oset høyfjellshotell – KBA 9, da det ikkje er tilstrekkeleg synleggjort på kommuneplannivå korleis området er eigna til utbygging ut frå nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av myr i arealplanlegginga.**

#### 4.19 Oset/Tisleia (før 4.17 Oset/Tisleia) – FB-30

Innspelet gjeld endring av eit LNF-område til fritidsbusetnad med om lag 25 einingar. Området grenser i nord til Tisleia og i aust til ovannemnde innspel. Det ligg såleis i det same myrområde, og difor gjer dei same vurderingane som nemnd ovanfor seg gjeldande. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til foreslått byggeområde 4.19 Oset/Tisleia FB-30, da det ikkje er tilstrekkeleg**



## **synleggjort på kommuneplannivå korleis området er eigna til utbygging ut frå nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av myr i arealplanlegginga.**

### *6.1 Nystølsameiga – FB-15*

Innspelet tek utgangspunkt i ein reguleringsplan vedteken i 1984, som legg til rette for totalt 64 fritidsbustadar spreidd utover fleire delfelt. Innspelet har til hensikt å samle framtidig fritidsbusetnad innafør eit område på 205 dekar, med om lag 20 einingar.

Ved 1. gongs høyring fremma vi motsegn til området av omsyn til myr, manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og den eksponerte plasseringa i landskapet. I det reviderte planforslaget er området redusert for å unngå myr. Konsekvensutgreiinga er ikkje oppdatert med omsyn til naturmiljø. I kommunens «tilsvar til Statsforvaltaren i Oslo og Viken» (vedlegg 6 i saksdokumenta), vises til det til funn frå ein synfaringssrapport datert 15.-17. juli, der det blant anna er antyda at området i de høgareliggende partia kan kategoriserast som boreal hei i sein gjenvekstsuksjonsfase.

Etter vårt syn er konsekvensar for naturmangfald i området framleis utilstrekkeleg utgreia ut frå anerkjend metodikk som forankra i [Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941](#). Vidare finn vi at sjølv om planforslaget har til hensikt å legg til rette for ein meir tilpassa og avgrensa utbygging samanlikna med gjeldande reguleringsplan, er ytterlegare fritidsbusetnad i dette området på eit overordna nivå i strid med nasjonale og regionale føringar knytt til forvaltning av fjellområde. Som nemnd ved 1. gongs høyring, ligg arealet eksponert i landskapet og i ein del av kommunen som i vesentleg mindre grad er prega av hyttebygging. Kommunen antydar at området består av boreal hei. Denne naturtypen har status sårbar på *Norsk raudliste for naturtypar 2018*.

Som nemnd innleiingsvis er vi sterk kritisk til den samla belastninga og ytterlegare fragmenteringa av fjellområda som planforslaget legg opp til. Dette konkrete området tydeleggjer behovet for ei meir kritisk gjennomgang av tidlegare godkjent arealbruk, som ikkje lenger er i samsvar med dagens overordna føringar.

Kommunane skal gjennom arealplanlegginga ivareta biologisk mangfald og landskapet sin sårbarheit ved å ikkje tillate ny fritidsbusetnad og andre større inngrep over tregrensa eller i det høgastliggende skogbeltet, jf. retningsline 1 under kap. 4.4.5 i *Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035*. I konsekvensutgreiinga står det mellom anna at «området ligg i tregrensa, og omtrent 2/3 av området er open fastmark.»

Gol kommune har som kjend meir enn tilstrekkeleg areal til fritidsbustadar i gjeldande planverk, i område som er meir eigna til utbygging ut frå dagens arealpolitiske føringar. Dette foreslåtte byggeområdet ligg langt unna satsingsområda i kommunen, og det vil vere behov for omfattande utbygging av teknisk infrastruktur med tilhøyrande inngrep i urørt natur. Dette vil også kunne legge press for ytterlegare utbygging i området i framtida.

Ut frå ei samla vurdering, meiner vi difor at samfunnsnyttan ved utbygging i dette området ikkje står forholdsmessig til ulempene ut frå nasjonale og regionale føringar for landskap, friluftsliv og naturmangfald. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til foreslått byggeområde FB-15.**

Området som heilskap må bli satt av til LNF-formål og det må innarbeidast føresegn som sikrar at arealformålet i kommuneplanen skal gjelde føre den aktuelle reguleringsplanen frå 1984 – inntil denne reguleringsplanen blir oppheva. Eit slik grep vil vere i samsvar med pkt. 47 i *Nasjonale*



*forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, knytt til endring av tidlegare godkjent arealbruk ved revidering av arealdelen i kommuneplanen.*

## Jordvern, matberedskap og kulturlandskap

### *Nasjonale og regionale føringar*

Kommunen har eit særleg ansvar for å unngå tap av dyrka og dyrkbar jord, bidra til auka berekraftig matproduksjon og ta vare på kulturlandskap gjennom si planlegging. [Jordvernbrev frå ministrane](#) er nyleg sendt til kommunane om jordvern og matberedskap, og dei minner om at byggeområde som er i konflikt med nye føringar bør endrast til LNFR-føremål.

[Oppdatert nasjonal jordvernstrategi](#) blei vedteken av Stortinget i 2023 og har forankring i FN sine berekraftsmål. Nasjonalt jordvernmål er stramma mykje inn, og omdisponering av dyrka jord skal vere under 2 000 dekar per år. Det er òg mål om auka berekraftig matproduksjon og om kulturlandskap. Måla forpliktar oss til å bevare grunnlaget for matproduksjon, med areala og jordsmonnets økosystemtenester og produktivitet. Dyrka og dyrkbar jord er naudsynt for å sikre nasjonal matforsyning og matberedskap i eit langsiktig perspektiv. Jordvern handlar òg om bevaring av dyrkbar jord, og jordsmonn som grunnlag for naturmangfald, kulturlandskap, skog, karbonlagring og viktige økosystemtenester, som demping av flaum, fordrøyning og filtrering av vann.

Vi ber Gol kommune om å vere offensive i å ta vare på dyrka og dyrkbar jord, og sikre omsynet til matproduksjon og kulturlandskap med stølar, utmarksbeite og samanhengande LNFR-område i kommuneplanen.

I tillegg til dyrka jord er utmarksbeite, stølsområde, innmarksbeite og grasproduksjon verdifulle for matproduksjon. Gol kommune har beitekart for Golsfjellet vest for Valdresvegen, noko som gir viktig informasjon. Vi understrekar at utmarksbeite i Gol kan ha stor verdi også der det ikkje er slike kart. Fjellområda i Gol har generelt jord og klima som gir gode føresetnader for grovfôrproduksjon og beite. Vi viser til NIBIOs rapporter [Utmarksbeite - ressursgrunnlag og beitebruk](#), [Verdiskaping i utmark](#), [Kunnskapsgrunnlag for norsk jordvernstrategi](#) og [Jordvernets begrunnelser](#).

### *Konsekvensutgreiing, arealrekneskap og endring av byggeområde til LNFR*

Konsekvensar for dyrka og dyrkbar jord og landbruk er betre opplyst og avvege ved denne høyringa. Mellom anna har kommunen brukt arealressurskart AR5, beitekart og har laga arealrekneskap for dei nye forslaga. Vi har og motteke kart over aktive stølar og meir informasjon om beitebruk. **Vi har ikkje lenger eit generelt motsegn til konsekvensutgreiinga**, sjølv om vi ikkje er einig i konklusjonar for byggeområde som kjem i konflikt med viktige landbruksomsyn i seterområda.

Nedanfor følgjer utdjuping av grunnar til motsegn til byggeforslag i stølsområde og LNFR-område med dyrka og dyrkbar jord og utmarksbeite, som vi meiner er i strid med nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon/matberedskap og kulturlandskap.

Vi har fleire motsegn ut frå omsyn til *dyrkbar jord* som vi meiner har nasjonal eller regional verdi. Jordsmonn som er kartlagt som dyrkbart, har djupne og er eigna for nydyrking til fulldyrka jord. Når kommunen vurderer dyrkbare jordressursar som blir foreslått omdisponert til byggeføremål, må kommunen også ta omsyn til at godt dyrkbart jordsmonn er grunnlag for utmarksbeite og viktige økosystemtenestar, sjølv om nydyrking ikkje er aktuelt per i dag. Dyrkbare jordressursar er ein viktig dyrkingsreserve for framtidig matproduksjon og er grunnlag for utmarksbeite, skog og kulturlandskap, og er viktig for mange økosystemtenester som karbonlagring og hushaldning og filtrering av vatn. Til grunn for vurdering av dyrkbare jordressursar ligg jordlova, plan- og



byggningsloven § 3-1 og ovannemnde nasjonal jordvernstrategi med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag i rapportar frå NIBIO. I jordlova har kartlagt dyrkbar jord same vern og føringar som dyrka jord. Nasjonale føringar vektlegg i aukande grad mål om å auka sjølvforsyning for mat.

Vi meiner at stølsdrifta og stølslandskapet ikkje blir tilstrekkeleg ivareteken i planforslaget. Sjølv om nye byggeforslag i stor grad unngår dyrka jord på stølsvollane, er vi bekymra for samla konsekvensar av utbygging for vidare stølsdrift og matproduksjon basert på beitebruk. Areal i både innmark og utmark er viktig fôrgrunnlag. Mange av områda er allereie oppstykkja av hytter og byggeområde, og planen bør ikkje opne for nye byggeområde som ligg tett på stølsvollar, stykkar opp LNFR-område og tettar viktige passasjer til utmarksbeite. Samanhengande grønne passasjer er særleg viktig for setre med mjølkeproduksjon, der dyra må kunne gå mellom fjøs og utmarksbeite fleire gonger dagleg.

Stølsdrift og bruk av utmarksbeite for husdyr er nasjonalt og regionalt prioritert, mellom anna gjennom ulike tilskot i landbruket, og følgjande mål for norsk seterdrift i Jordbruksoppgjæret i 2023 (Prop. 121 S (2022-2023): «*Seterdrift med melkeproduksjon, med tilhørende miljøverdier og mattradisjonar, skal fortsatt være et viktig bidrag i norsk bærekraftig jordbruk*» (s. 110). Det blei laga ei utredning om seterbruk som grunnlag for jordbruksoppgjæret, som blant anna viser at «*det er store natur-, kulturmiljø- og landskapsverdier knyttet til seterdrift, og at seterdrift bidrar til matmangfold og utnyttelse av utmarksressurser. Den langvarige og varierte bruken av naturressursene i seterområdene har til sammen skapt store estetiske, kulturhistoriske og biologiske kvaliteter som også opplevelses- og reiselivsnæringene drar stor nytte av*» (s. 54). Tilskotet til setrar i drift blei styrka i 2023 mellom anna i Regionalt miljøprogram for jordbruk, som informert om på [våre nettsider](#).

Etter dette legg vi til grunn at stølsområda i Gol med utmarksbeite og kulturlandskap har nasjonal og regional verdi, for matproduksjon og kulturmiljø, kulturarv og kunnskap. Denne driftsforma i landbruket er under sterkt press. Framtidige byggeområde i stølsområde kan føre til negative konsekvensar for vidare stølsdrift.

Som nærmare utdjupa nedanfor, har vi difor også ved denne høyringa motsegn til byggeforslag som vi meiner vil kome i vesentleg konflikt med drifta av stølane, dyrka og dyrkbar jord og bruken av utmarksbeite i samanhengande LNFR-område omkring stølane. Der det er vist slike negative konsekvensar for nasjonalt og regionalt viktige omsyn, bør byggeforslag ikkje takast inn i kommuneplanen. Dei fleste områda ligg i vernskogsona etter skogbrukslova, og vi meiner omsynet må ivaretakast ved regulering.

Når det gjeld bruk av utmarksbeite i austre delar av kommunen og på Skaraåsen, kjem det fram i konsekvensutgreiinga at ein del område ikkje er omfatta av «organisert beitebruk» og er ikkje beitekartlagd. Hausting av grovfôr i utmark utgjer generelt ein stor del av fôrgrunnlaget for mange husdyrbruk, og beiterettar gjeld sjølv om arealet er avsett til byggeføremål. Utbygging kan få negative konsekvensar for matproduksjon på utmarksbeite, også i område der føretaket ikkje er med i «organisert beitebruk».

Det er bra at Gol ved denne høyringa har laga eit arealrekneskap. Planen har totalt 1641 dekar nye arealforslag der om lag 33 dekar er dyrka jord og 267 dekar er dyrkbar jord. Tap av dyrka og dyrkbar jord er redusert mykje sidan 1.gongs høyringa. Det er ein svakheit at reserver av tidlegare avsette byggeområde, som ikkje er utbygd, ikkje er med i rekneskapen. Gol har reserver av tidlegare avsette byggeområde og LNFR for spreidd fritidsbusetnad, framtidig og nåverande, der det er dyrka, dyrkbar jord og beiteareal. Vi saknar oversikt over reservane, og om dei er i konflikt med nyare nasjonale og regionale føringar og kommunen sine arealstrategiar.



Om lag 573 dekar er endra frå byggeområde til LNFR-føremål i denne høyringa. Dette gjeld Smøget skytebane på 187 dekar, masseuttak på 105 dekar ved Skrøyvestølane og Nystølen på 281 dekar som var LNF spreidd fritidsbusetnad. For fleire av områda er likevel dei gamle reguleringsplanane så vidt vi kan sjå ikkje oppheva.

Kommunen bør også hushaldere godt med avsette byggeområde. For fleire forslag er byggeområdet langt større enn talet på fritidseiningar skulle tilseie. Gol må vurdere nøye om fleire byggeområder skal endrast tilbake LNFR-formål i tråd med føringane i oppdatert nasjonal jordvernstrategi av 2023 og føringane i *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* som nemnd innleiingsvis. Vi har i den samanheng difor også merknadar og motsegn til tidlegare avsette areal, som vi utdjuar nedanfor.

#### *Faglege merknader og motsegn til foreslåtte utbyggingsområde og føresegn*

Motsegna er gitt fordi forslaga er i strid med nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon, kulturlandskap med stølsområde og utmarksbeite og større samanhengande jordbruks- og LNFR-område og viktige grønne strukturar. Motsegn som blir løyst av planforslaget til 2. gongs høyring går fram av dei einskilde merknadane.

#### *2.1 Halli - B-1*

Området ligg i skog, heilt inntil eit jordbruksområde. Som nemnd ovanfor, er vi på eit overordna nivå negative til innspelet av omsyn til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Med spesifikt omsyn til nasjonale og regionale føringar for jordbruket, har vi eit fagleg råd om å ha minimum 30 meter mot dyrka jord for å unngå negativ konsekvens for matproduksjon og landskap.

#### *Generelt om Golsfjellet ved Valdresvegen og austover*

Området har store samanhengande LNFR-område med jordbruksareal, fleire aktive stølar og husdyr på utmarksbeite. Fleire byggeområde splittar opp samanhengande jordbruksområde og utmarksbeite, noko som kan føre til utfordringar for matproduksjon og landbruksdrift. Det er svært viktig å unngå tap av dyrka og dyrkbar jord, og endre ikkje utbygde areal tilbake til LNFR.

#### *Luftsportssenter Klanten, ved flyplassen (gbnr. 24/4 m.fl)*

Området er på meir enn 100 dekar dyrka jord og mykje dyrkbare jordressursar er satt av til idrettsføremål i kommuneplanen, mens jordbruksareala i området er regulererte til jordbruks- eller landbruksføremål med reguleringsføresegn 3 om at «området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift». **Vi fremmer motsegn til føresegn 2.6 c) og d) for luftsportssenteret i kommuneplanen** fordi nasjonale og regionale føringar for jordvern og matproduksjon ikkje er tilstrekkeleg ivareteken. Motsegna kan løysast ved å ha med føresegn i samsvar med reguleringa, slik at dyrka og dyrkbar jord ikkje går tapt til byggetiltak, og med krav om tilbakeføring og istandsetting til jordbruksformål, og at heile jordlova framleis skal gjelda.

#### *3.9 Tubbehaugen camping - FTU-3*

Området blei foreslått nytta til camping att ved 1.gongs høyring. Vi hadde då motsegn til arealet og tilhøyrande føresegn. Inngrep i dyrka jord er no redusert, og det er laga nye føresegn 2.7 og 3.1.3<sup>1</sup> om campingplass (sjå fotnote). I forslaga til nye føresegn gjeld jordlova for FTU-3 og «dyrka mark skal tilbakeførast dersom campingdrifta blir lagt ned». Vi ventar òg at varige inngrep som til dømes utleiehytter, servicebygg og infrastruktur ikkje leggast på dyrka og dyrkbar jord. **Dersom**

---

<sup>1</sup> Vi ber om klarheit i om ikkje nemninga på det aktuelle føresegna skulle vore 2.7.1 og ikkje 3.1.3, som òg er eit anna føresegn.





## **kommunen vedtek redusert areal FTU-3 med føresegn som tek omsyn til dyrka jord, er motsegna å anse som løyst.**

### *3.13 Nystølfjellet – FB-1*

Ut frå nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon og kulturlandskap, **fremmer vi motsegn til å sette av eit nytt, stort areal for fritidsbusetnad i samanhengande LNFR-område på Nystølfjellet, langt aust i Gol kommune.** Forslaget kjem i tillegg til eit større område for LNFR for spreidd fritidsbusetnad. Vi er kritiske til ny utbygging som kjem tett på områder for organisert beitebruk for husdyr. Det kan vere bruk av utmarksbeite også der det aktuelle arealet og jordbruksforetaka ikkje er med i organisert beitebruk. For dette området har vi òg motteke kritisk merknad frå reindriftsforvaltninga hos Statsforvaltaren i Trøndelag av omsyn til konsesjonsområde for tamreindrift, jf. avsnittet nedanfor.

### Generelt om Golsfjellet aust

Av omsyn til større samanhengande LNFR-område med dyrka og dyrkbar jord, stølsområde og utmarksbeite for mjølkekyr og andre husdyr, må jordbrukslandskap ved Einarset og Storefjell, Kamben, Bualie og Guriset ikkje stykkjast meir opp av utbyggingar, jf. avsnittet ovanfor om stølsdrift og beitebruk. Sjølv om dette området har fleire utviklingsområde, må Gol ikkje legg inn byggeområde som er i konflikt nasjonale og regionale landbruksomsyn. Fleire tidlegare avsette byggeområde kjem òg tett på jordbruksareal og stølar og splittar opp større LNFR-område, og Gol må vurdere om tidlegare avsette byggeområde kan endrast til LNFR-føremål. For nokre område er tidlegare fremma motsegn løyst ved denne høyringa.

Vi har motsegn til følgande av forslaga på Golsfjellet aust, ut frå omsyn til jordvern, matproduksjon og kulturlandskap:

### *4.4 Kamben (før 4.3 Kamben) – FB-28 og 4.5 Kamben (før 4.4 Kamben) – FB-29*

**Vi opprettheld motsegna til Kamben - FB-28** med 20 daa dyrkbar jord, og til **Kamben FB-29** med 8 daa dyrkbar jord. Areal kjem tett på dyrka jord i større, aktive stølsområde og tettar grøne passasjer og stykkar opp samanhengande LNFR-område.

### *4.10 Bualie midt (før 4.8 Bualie sør) – FB-24*

**Vi opprettheld motsegn til omdisponering av 18 dekar fulldyrka jord og 16 dekar dyrkbar jord.** Større jordbruksareal og dyrkbar jord er viktig å bevare. Arealet *kan* nyttast til vinteraktivitetar som ikkje krev varige inngrep og som er foreinlege med jordbruksdrift. Vi er ikkje samd i at vegen gjer jordbruksarealet inneklemd.

### *4.14 Guriset NÆ-2 (før 4.12)*

**Vi opprettheld motsegn til området som har 17 dekar dyrkbar jord, og ligg tett på fulldyrka jord i et større samanhengande aktivt stølsområde.**

Vi har faglege merknadar til følgande byggeområde:

### *4.1 Storefjell – KBA-6*

Innspelet er nytt og har med 2 dekar dyrka jord og noko dyrkbar jord, totalt 28 dekar. Tap av dyrka og dyrkbar jord bør unngåast, men vi har elles ikkje merknadar.

### *4.8 Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis – IDR-1*

Foreslått samanbinding av skiheis kjem i område med dyrkbar jord, utmarksbeite og passasje for husdyr i samanhengande LNFR-område. Vi har ikkje motsegn til arealet, men legg til grunn at



utmarksbeite skal kunne fortsette og har difor motsegn til føresegn 2.6 a) og d) til idrettsføremål i fjellet, jf. avsnitt nedanfor med motsegn til føresegn.

#### *4.2 Einarset (før 4.1 Einarset) – FB-9*

Innspelet er redusert til 6 dekar dyrkbart jordsmonn. Vi rår ifrå utbygging som bygger inne jordbruksareal på nordsida, og som omfattar dyrkbar jord. **Vi har ikkje motsegn til redusert forslag.**

#### *4.9 Bualie vest (før 4.7 Bualie vest) – FB-21*

Innspelet er redusert til 25 dekar. **Vi har ikkje lenger motsegn**, men rår ifrå store inngrep og eksponerte hytter ved tregrensa i eit større LNFR-område og kulturlandskap med utmarksbeite. Dyrkbar jord i rekneskapan synast for høgt.

#### *4.11 Buo (før 4.9 Bualie) – FB-22*

29 dekar er redusert og har ikkje med dyrkbar jord. **Motsegna er difor å anse som løyst.**

#### *4.12 Bualie nord (før 4.10 Bualie nord) – FB-20*

Arealet er redusert til 21 dekar og unngår dyrkbar jord, men ligg tett på dyrka jord. **Vi har ikkje lenger motsegn av omsyn til landbruk**, men rår ifrå arealet fordi det tek hol på samanhengande LNFR-område mellom Oset og Bualie.

#### *4.19 Oset/Tisleia (før 4.17 Oset/Tisleia) – FB-30*

Vi rår ifrå området av omsyn til 65 dekar dyrkbar jord av totalt 68 dekar i eit større samanhengande LNFR-område.

Elles er det positivt at 4.13 Guriset (før 4.11), Oset BF-20, Oset 4.17 og fleire andre område er tatt ut eller reduserte ved denne høyringa.

#### *Generelt om Golsfjellet vest*

Området har mange aktive stølsområde med dyr på utmarksbeite og mye dyrka og dyrkbar jord. Områda ved Auenhauglie, Golsfjell fjellstue, Lauvsjø og Lauvset bør vurderast samla for å unngå oppstyking av større samanhengande LNFR-område med jordbruks- og stølsområde, dyrkbar jord og gode utmarksbeite for mjølkekyr. Områda med LNF for spreidde for fritidsbustader må vurderast nøye for å unngå tap av dyrka og dyrkbar jord og viktige grønne korridorar. Totalt omfattar forslaga 564 dekar med 42 dekar dyrkbar jord. Fleire av arealforslaga vil kome tett på jordbruksareal og stolar og klemme dei inne mellom byggeområda. Det ser òg ut til å vere reserver i tidlegare avsette byggeområde.

#### *5.3, 5.4 og 5.7 Auenhauglie - FB-25 og 5.8 Golsfjellet Fjellstue FB-25*

Desse områda har eit samla areal på totalt 87 dekar (30+7+26+24), der 19 dekar er dyrkbar jord. FB-25 omringer dyrka jord og stykkar opp stølsområdet og samanhengande LNFR-område med svært godt utmarksbeite og tettar grønne korridorar for husdyr på beite. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til desse områda.**

#### *5.13 Lauvset ved Sagbråten seter - FB-19*

Området er på totalt 20 dekar med 11 dekar dyrkbar jord og ligg tett på dyrka jord og fleire stølsområde i samanhengande LNFR-område. **På denne bakgrunn fremmer vi motsegn til dette området.**





### 5.11 Lauvsjø – FB-32 og 5.12 Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt - FB-18

Vi får ifrå desse områda. Sjølv om dei er avgrensa i storleik, består områda av dyrkbar jord og tek hol på samanhengande LNFR-område med stølar, langt frå satsingsområde.

### Skaraåsen

#### 6.1 Nystølsameiga – FB-15

**Vi opprettheld motsegna til Nystølsameiga FB-15.** Området ligg i eit større samanhengande LNF-område, nær stølsområde over tregrensa. For 20 nye fritidsbustader bør det ikkje settast av så mykje areal. Arealet skal erstatte fleire tidlegare regulerte hytteområde, men vi saknar vurdering av status for desse reguleringane og oppheving av dei. Området er konflikt med nasjonale og regionale føringar for kulturlandskap og ivaretaking av større samanhengande LNFR-område.

For kombinert føremål, Heistoppen, bør regulert jordbruksareal vere LNFR i kommuneplanen. Elles ser kommuneplanareal ut til å vere i samsvar med regulert areal.

#### 8.1 Skaga – T-1

Primært bør dyrka jord og verdifull slåttemark takast ut av byggeområdet eller få omsynssone i kartet med tilhøyrande føresegn eller retningslinjer. Føresegn 2.5 a) er endra slik at jordlova vil gjelde for T-1, noko som er bra, og vi legg til grunn at føresegna 1.9 *Forhold som må avklarast i vidare planarbeid* og 1.10 *Jordvern* vil gjelde for T-1.

### *Merknader til større byggeområde mm. i gjeldande kommuneplan*

Nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon, kulturlandskap og LNF-område er stramma mykje inn sidan gjeldande kommuneplan vart vedteken, og vi meiner at kommunen må vurdere konfliktfylte areal i gjeldande plan på nytt. Gjeldande plan har store arealreservar. Vi gjentek at vi oppmodar kommunen til å ta ut følgjande byggeområde med store natur- og jordbruksområde, som er satt av til byggeområde i gjeldande kommuneplan:

- Kombinert føremål ved Jønnebustølen gbnr. 11/15, 9/322 mfl. - om lag 75 dekar dyrka og dyrkbar jord
- Kombinert føremål gbnr 11/8 – om lag 29 dekar dyrkbar jord
- Kombinert føremål gbnr 11/1 – om lag 70 dekar dyrkbar jord og skog
- Kombinert føremål, gbnr 13/265 ved Nedre Guriset (BF4 eller K4) – om lag 260 dekar med om lag 50 dekar myr/dyrkbar jord samt skog.
- Næringsområde, gbnr 37/48 ved Auenhauglie – om lag 30 dekar i alt - dyrka jord, skog og tun

Desse areala ligg i større samanhengande LNFR-område og jordbruksområde med dyrka og dyrkbar jord, stølar og større grønne korridorar. Kommunen bør vurdere desse områda på nytt i lys av nye nasjonale og regionale føringar, og endre formåla frå byggeområde til LNFR-formål. Kommunen bør ikkje legge inn nye byggeområde utan å ha vurdert reservane i gjeldande kommuneplan.

Det er positivt at fleire byggeområde og forslag om nye område for LNF spreidd fritidsbusetnad - framtidige er endra til LNFR-område i planforslaget.

LNFR-område for spreidd fritidsbusetnad – framtidige er store og føresegna opnar for totalt 97 hytter. Gol bør avgrense områda og attverande potensial meir, ettersom områda har svært mykje dyrka og dyrkbar jord og stølsområde. Talet på hytter i føresegna er uendra frå gjeldande kommuneplan. Konsekvensar i høve til nye nasjonale og regionale føringar bør vurderast.



Kommunen bør også redusere LNFR-område for spreidd fritidsbusetnad – eksisterande, som inneheld fleire verdifulle stølsområde med dyrka og dyrkbar jord

#### *Motsegn og merknadar til føresegn*

##### **Vi fremmer motsegn til føresegn for idrettsanlegg 2.6 a) IDR-1 og c)**

Store område er satt av til idrettsformål (alpinbakkar m.m.). Omsynet til jordvern og framleis bruk av beiteareal må vere ein føring der det er aktuelt, og varige inngrep må tilbakeførast ved opphøyr og ikkje kome i konflikt med dyrka og dyrkbar jord. Kommunen bør vurdere krav om reguleringsplan. Jordlova §§9 og 12 bør framleis gjelde, til dømes for alpinanlegg og luftsportssenteret.

##### **Vi fremmer motsegn til føresegn for idrettsanlegg 2.6 c) Luftsportsanlegg**

Området for luftsportsanlegg har over 100 dekar dyrka jord, ifølge arealrapport vi har laga på NIBIO sine kart, og er regulert til landbruk. Føresegna må vere i samsvar med reguleringa og ha føringar om at varige inngrep ikkje skal leggjast på dyrka jord. Arealet må bli dyrka jord igjen dersom bruk til idrettsføremål ikkje lenger er aktuelt.

Føresegna har elles med omsyn til dyrka og dyrkbar jord, stølsområde og landbruk i større grad, noko som er bra. Føresegn 1.10 gjeld berre «bebyggelse» på dyrka jord, men «anlegg» må også takast med. For landbruksbygg forutset vi at 1.10 endrast slik det gå fram at føresegna gjeld der det finnes alternativ utanom dyrka jord, jf. [rapport om landbruket si eiga nedbygging](#) frå Landbruksdirektoratet.

Vi ber kommunen vurdere føresegn 3.1 LNFR for spreidd fritidsbusetnad og 3.2.1 LNFR for spreidd bustadbygging. Det bør vere meir eintydig at bygging ikkje skal kome på dyrka jord eller stølsområde og at føresegn 1.10 gjeld. Føresegna må ikkje opne for nye fritidsbustader eller nybygging på dyrka og dyrkbar jord. Avstand til stolar og stølsvollar/dyrka jord bør være mykje meir enn føresegn 1.4.1 seier, og nye bygg og anlegg må heller ikkje tette for grønne passasjer for folk og beitedyr. LNFR for spreidde fritidsbustader bør avgrensast meir i tal på fritidsbustader og geografisk i kart. Vi viser til plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 og [retteiar for LNFR for spreidd utbygging](#).

I føresegn 1.4.1 er det satt ei byggegrense på minimum 10 meter mot dyrka jord, men vi rår framleis om at byggegrensa er minimum 30 meter, og meir i stølsområde. Ved alle utbyggingsområde er dette viktig for å forebygge framtidige konflikstar og farlege situasjonar, og som kan redusere matproduksjon og føre til auka byggepress på dyrka jord.

#### *Tamreinareal – område med konsesjon etter reindriftslova*

[Filefjell reinlag ANS](#) har både oppsamlingsområdar og flyttleier aust i Gol kommune og noko vinterbeite sør i kommunen. Arealbruken til reinlaget kan sjåast i arealbrukskartet [Kilden - reindrift \(nibio.no\)](#). Meir om drifta og utfordringane til reinlaget kan sjåast i [distriktsplanen på våre nettsider](#).

Nytt område for fritidsbustadar på Nystølfjellet er ved eit oppsamlingsområde og fleire av dei områda som er redusert er i nærleiken av flyttleier som går gjennom kommunen. Filefjell samlar rein her før dei tar inn på skilling og slakt på Forohytta på Golsfjellet. Sjølv om nokon av områda ligg rett utafor, vil fleire fritidsbustadar i området totalt auke aktiviteten i heile området og ein må utgreie påverknadane totalt. Vi ser at det er mange reguleringsplanar og fritidsbustadar i området frå før også, og det er viktig at alle desse gamle og nye reguleringsplanane ses i samanheng og at den totale påverknaden på reindriften utgreiast.



Oppsamlingsområder og flyttleier er særverdiområder for reindriften. Flyttleier er dessutan gitt eit særskilt vern i reindriftslova § 22 kor reindriften har rett til fritt og uhindra å flytte rein langs reindriften flyttleier. Det er i utgangspunktet forboden å gjennomføre tiltak som hindrar bruk av flyttleier. Flyttleiene er av avgjerande betydning for reindriften om den skal fungere driftsmessig, og må ikkje stengast. I Landbruks- og matdepartementets rettleiar [Reindrift og planlegging etter plan- og bygningsloven](#), står det følgjande om stenging av trekk- og flyttleier: «I en situasjon hvor reindriften ikke fritt og uhindret kan flytte med sin rein etter en tradisjonell flyttlei, anses flyttleien for å være stengt. Dette innebærer at ikke bare en fullstendig blokkering av flyttleien omfattes, men også innsnevring av og bygging like ved flyttleien, samt forstyrrelser som bygging av tiltaket medfører, kan omfattes av bestemmelsen.» Ei flyttlei kan gå over område som gjennom åra er omgjort til innmark eller anna bruk. Reindriften vil da framleis ha rett til å flytte over området. Med til flyttlei reknast også faste inn- og avlastingsplassar for transport av rein.

Spesielt vinteren er ei sårbar og marginal tid for reinen. Det er viktig at all utbygging og tilrettelegging av ferdsel i beiteområdene til reinlaget planleggast i samråd med tamreinlaget for å kanalisera og minimera den negative påverkinga på reindriften arealbruk.

Då det ser ut som om at reinlaget ikkje har fått høyringsbrevet med planforslaget direkte frå kommunen, har vi sendt den til reinlaget også.

### Vassmiljø

Som nemnd er et av dei nye områda ved 2. gongs høyring innspel 3.13 *Nystølfjellet - FB-1*. I konsekvensutgreiinga står det at mange nye einingar kan ha negativ påverknad på Varhovd bekkefelt som i dag har god økologisk og kjemisk tilstand. Til 1. gongs høyring presiserte vi at arealdelen skal hindre arealbruk og tiltak som fører til at miljømåla for vasskvalitet ikkje blir nådd eller at miljøtilstanden i vassførekomstane blir forringa. Vi peika mellom anna på samla belastning for område med fleire innspel.

Vi ser positivt på at kommunen no har tatt inn føresegner om at planar og tiltak som rører ved vassførekomstar med miljømål i samsvar med vassforskrifta, skal greie ut korleis planen/tiltaket påverkar måloppnåinga. Sidan mange vassførekomstar har god tilstand og også kvalitetselement med svært god tilstand, minner vi om det er ei «forringing» av miljøtilstand også dersom minst eitt av kvalitetselementa (som dannar grunnlag for klassifiseringa av vassførekomstane, jf. direktivets vedlegg V) faller med eitt nivå. Det inneberer at det kan føreligge ei forringing utan at forandringa fører til fall i samla tilstandsklasse.

Vidare er det positivt at kommunen no har tatt inn føresegner om at bekkar skal oppretthaldast i sin naturlege form og at lukka bekkar skal opnast og reetablerast der det er hensiktsmessig. Det er også tatt inn at bekkelukking ikkje er tillate utanom der det er heilt naudsynt. Det er òg positivt at det er tatt inn føresegner om kantvegetasjon langs vassdrag.

### Avløp

Avløp er ein samfunnskritisk infrastruktur og det er viktig at dette er ein del av kommunen si planlegging. Avløp må vere vurdert i planforslaget og bli teke omsyn til i alle delar av kommunen si planlegging.

Regjeringa sitt [brev av 19. mars 2019 med nasjonale føringar til vassregionmynda](#) gir mellom anna føringar til kommunane som sektormyndede for avløp. I plan- og bygningslova § 27-2 er det krav om at avløp skal vere sikra og i samsvar med forureiningslova før utbygging. Vi påpeika ved 1. gongs



høyring at kommunen må gjennom arealplanlegginga sjå til at ny utbygging kan sikrast avløpsløyningar som tek omsyn til tilfredsstillande miljøtilstand i vassdraga, mellom anna med tanke på sårbare resipientar i hytteområde og område med spreidd busetnad. Det er viktig at avløpsanlegga har tilstrekkeleg kapasitet til nye tilkoplingar.

I føresegnene er det foreslått følgjande rekkjefølgjekrav: 1.3 Rekkjefølgjekrav etter § 11-9 nr. 4: «*Ein kan ikkje setje i gang arbeid og tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 før det er sikra godkjente tekniske anlegg for vassforsyning og avløp, tilkomst og parkering, energi og renovasjon, gang- og sykkelveggar og dessutan at turveggar og løypetrasear er sikra*». Vi legg til grunn at ein med «godkjente tekniske anlegg for avløp» meiner at avløpsanlegga blir drifta i samsvar med løyve og forureiningsregelverket.

Vi viser i denne samanheng også til [vårt brev om avløpshandtering av 30. januar 2024](#) til Oslo kommune og kommunane i Buskerud, Akershus og Østfold. I brevet understrekar vi at rekkjefølgjekrav må sikre at det før tilknytning av avløpsvatn må kunne dokumenterast at det aktuelle avløpsanlegget blir drifta i samsvar med løyve og forureiningsregelverket, og dessutan at det har kapasitet til å kunna ta i mot forventa mengda avløpsvatn frå foreslått utbygging. **Vi tilrår sterkt at følgjande blir innarbeidd som rekkjefølgjekrav:** «*Før tilknytning kan tillast, må det sikrast at avløpsanlegget har kapasitet og driv i tråd med vilkår gitt i utsleppsløyve, og dessutan at det drivet i tråd med gjeldande forureningsregelverk.*»

Det er positivt at kommunen no har teke inn ei ny føresegn 1.7.1.f) om at planar og tiltak som rører ved vassførekomstar med vedtekne miljømål i samsvar med vassforskrifta, skal greia ut korleis planen/tiltaket påverkar måloppnåinga.

Nytt punkt 1.7.1.e) omhandlar krav til resipientvurderingar i detaljreguleringar som skal føreligge til 1. gongs behandling. Vi stiller spørsmål ved formuleringa «*i område der tettbebyggelsen vil overstige 50 PE utanfor reinsedistrikt*». Vi finn denne formuleringa uklår, og viser også til at resipientvurderingar skal vere tema i alle detaljreguleringar som opnar for ny aktivitet som kan påverke vassmiljø, Vi ber difor kommunen om å endre ordlyd i denne føresegna.

Vi uttalte ved 1. gongs høyring at kommunen bør utarbeide ein heilskapleg overordna VA-plan (hovudplan for vatn og avløp) for heile Gol kommune, og ikkje berre dei delane som i dag er knytt til kommunale anlegg. Vi formidla at vi forventar at hovudplanen for vatn og avløp og kommuneplanen sin arealdel byggjer på kvarandre og sikrar at samfunnskritisk infrastruktur er ivareteken i planarbeidet i kommunen. Det er difor viktig at kommunen har igangsett arbeidet med rullering av hovudplan for avløp og vassmiljø for 2014-2023. Vi har i brev av 4. april 2023 gitt innspel til oppstart av planprogram for denne hovudplanen.

Vi understreka vidare ved 1. gongs høyring at det er viktig at kommunen har oversikt over kor stor kvar tettbebyggelse er i geografisk storleik og i personekvivalentar, både i dag og på lang sikt. Avgrensing av tettbebyggelse er uavhengig av kommune- og fylkesgrenser. Definisjonen av «tettbebyggelse» i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k bestemmer kven som er mynde og kva krav som følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 4.

Kommunen skriv i tilsvaret sitt til oss (jf. vedlegg 6 i saksdokumenta) at det har vorte gjennomført vurderingar av alle tettbebyggelsar i kommunen. Vi kan derimot ikkje sjå at planen nyttar tettbebyggelseomgrepet i særleg grad. Planen nyttar hovudsakleg omgrepet «reinsedistrikt», og ikkje tettbebyggelse med samla utslepp i pe BOF5. Ein får difor ikkje oversikt over styresmakt og krav som gjeld i dei åtte ulike geografiske områda. Det er det samla utsleppet frå tettbebyggelse i pe BOF5 som avgjer myndigheit og krav (regulering etter forureiningsforskrifta kapittel 13 og 14).



Forureiningsforskrifta legg til grunn tettbebyggelse i alle vurderingar og storleiksberekingar, og kommunen må ta omsyn til tettbebyggelse når det gjeld planlegging på avløpssektoren. Vi tilrår at opplysningar om tettbebyggelse og storleik i pe BOF5 blir innarbeidde for dei ulike geografiske områda i planen.

I planen blir det foreslått infiltrasjonsløyisingar i fleire område, men det blir ikkje opplyst kva tettbebyggelse som desse anlegga ligg i. I denne samanhengen vil vi opplyse om at Miljødirektoratet har bestemt at infiltrasjonsanlegg ikkje vil vere ei godkjent reinseløyising for avløpsanlegg over 50 pe som ligg innanfor ei tettbebyggelse regulert etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Grunnen til dette er at infiltrasjonsanlegg ikkje vil klare å overhalde krava i § 14-10 og § 14-11 i forureiningsforskrifta. Vi viser til brevet av 19. januar 2023 frå Miljødirektoratet på [våre nettsider](#) for ei nærare skildring av dette. Vi er i ein prosess med Miljødirektoratet for å avklare kva moglegheiter vi har for å gi unntak frå krav i forureiningsforskrifta.

Vidare noterer vi at det manglar ei samanfating av temaet avløp i konsekvensutgreiinga, og utfordringane knytt til avløp samla sett.

#### *Nyinnlagde område ved 2. gongs høyring*

Område 2.1. *Halli* er ved ei grend utanfor sentrum og foreslått med 8 nye bustadar. Området 3.13 *Nystølfjellet* er foreslått føremål fritidsbusetnad, inntil om lag 150 nye einingar (ut frå opphavleg avgrensing). Område 4.1 *Storefjell* er foreslått endra til kombinert føremål for næring og fritidsbustader (ingen nye einingar). Område 5.11 *Lauvsjø* er foreslått med 4 nye fritidsbustadar.

Vi påpeiker at for ingen av dei nye områda blir det oppgitt kva for tettbebyggelse dei tilhøyrar. Vi tilrår at opplysningar om tettbebyggelse og deira storleik i pe BOF5 blir innarbeidde for dei ulike geografiske områda i planen.

Vidare påpeiker vi at enkeltutslepp som er etablert/blir etablert innanfor større tettbebyggelse, må vurderast opp mot tilknytingsplikt og andre moglegheiter for handtering av avløpet. Enkeltutslepp regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 12 krev oppfølging via løyve og tilsyn frå kommunen, i tillegg krevst tømning av septiktank. Septik vil belasta det kommunale avløpssystemet, og det må sikrast at det kommunale avløpssystemet har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot septik. Ein føresetnad for slike løyisingar er at dette blir rekna som den beste langsiktige løyisinga, og ikkje minst den mest miljøvennlege. Vi viser til at forureiningslova § 2 første ledd pkt. 3 set krav til beste tilgjengelege teknologi. I tillegg skal det i kommunal planlegging etter plan- og bygningslova § 1-1, bli vekt lagd på langsiktige løyisingar og konsekvensar for miljø. Vi noterer at det ikkje blir oppgitt til kva avløpsanlegg septik frå dei nye områda skal belaste, og om avløpsanlegga har tilstrekkeleg kapasitet til ta i mot septiken. Vi tilrår at dette kjem fram i planen.

Det kjem heller ikkje fram i planen om avløpsvatn eller septik er planlagt tilført Gol avløpsreinseanlegg, og dette må planen opplyse om, jf. eigenkontrollrapporteringa for 2022 der det kom fram at Gol avløpsanlegg ikkje driv i tråd med gjeldande forureningsregelverk. Rapporteringa viser at reinseanlegget ikkje klarer sekundærreinsekravet for 2022, og dessutan at anlegget ikkje overheld fosforreinsekravet. **Så lenge Gol kommune ikkje overheld krav til utslepp, vil eit kvart nytt påslepp av nye abonnentar til reinseanlegget, private eller næring, bli vurdert som eit forsetteleg auking i ulovlege utslepp.** Det kan ikkje tillatast nye påkoplingar så lenge avløpssituasjonen ikkje er tilfredsstillande, jf. plan- og bygningslova § 27-2.



Det kjem heller ikkje klart fram om nokon av dei geografiske områda i planen er ein del av tettbebyggelsen knytt til Gol avløpsreinseanlegg. Dette må planen opplyse om.

### *Konklusjon om avløp*

Vi tilrår sterkt at følgande blir innarbeida som rekkjefølgjekrav: «*Før tilknytning kan tillast, må det sikrast at avløpsanlegg har kapasitet og driv i tråd med vilkår gitt i utsløppsløyve, og dessutan at det driv i tråd med gjeldande forureniningsregelverk.*»

Ordlyden i føresegn 1.7.1 e) er uklår, og vi anbefaler at formuleringa «i område der tettgrenda vil overstiga 50 PE utanfor reinsedistrikta» blir tatt ut.

Vi tilrår vidare at opplysningar om tettbebyggelse og deira storleik i pe BOF5 blir innarbeidd for dei ulike geografiske områda i planen. Dette slik at ein får oversikt over styresmakt og krav som gjeld i dei åtte ulike geografiske områda.

Då planen ikkje opplyser om til kva avløpsanlegg septik frå dei nye områda skal leverast til, og om avløpsanlegga har tilstrekkeleg kapasitet til å ta i mot septiken, tilrår vi at også desse opplysningane kjem fram i planen.

**Vi gjer merksam på at dersom avløpshandtering i vidare arealplanlegging ikkje er tilstrekkeleg skildra eller ivaretatt i tråd med gjeldande forureniningsregelverk, vil vi kunne ha motsegn på bakgrunn av dette.**

### **Oppsummering og konklusjon**

Dei endringar som Gol kommune har gjort i planforslaget etter 1. gongs høyringa, har i stor grad bidratt til å bringe ny arealdel av kommuneplanen i samsvar med nasjonale og regionale mål og føringar innan våre ansvarsområde. Samstundes saknar vi enda tydelegere grep for avgrense utviklinga til dei prioriterte satsingsområda for hyttebygging og reiselivstiltak i kommunen, for å skåne større, samanhengande landbruk-, natur- og friluftslivsområde som i vesentleg mindre grad er prega av utbygging og inngrep. Vi meiner også planforslaget i betydeleg større grad bør synleggjere korleis tilfredsstillande avløpshandtering er sikra i samsvar med forureniningsregelverket

Enkelte foreslåtte byggeområde og føresegn er i vesentleg strid med nasjonale og regionale miljø-, landskaps- og landbruksinteresser. Vi fremmer difor motsegn til følgjande områdar og føresegn:

#### *3.13 Nystølfjellet – FB-1*

- Mangelfull konsekvensutgreiing etter anerkjend metodikk knytt til kunnskap om naturmangfald.
- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon og kulturlandskap.

#### *4.4 Kamben (før 4.3 Kamben) – FB-28 og 4.5 Kamben (før 4.4 Kamben) – FB-29*

- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av større, aktive stølsområde, grønne passasjer og samanhengande LNFR-område.

#### *4.10 Bualie midt (før 4.8 Bualie sør) – FB-24*

- I konflikt med 18 dekar fulldyrka jord og 16 dekar dyrkbar jord.



*4.12 Bualie nord (før 4.10 Bualie nord) – FB-20*

- I konflikt med ein naturtypelokalitet av nasjonal og regional verdi.

*4.14 Guriset (før 4.12) – NÆ-2*

- I konflikt med 17 dekar dyrkbar jord og tett på dyrka jord i et aktivt stølsområde.

*4.15 Guriset – FB-10*

- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av naturmangfald og landskap i fjellområda.

*4.18 Oset høyfjellshotell – KBA-9 og 4.19 Oset/Tisleia – FB-30*

- Utilstrekkeleg synleggjort i konsekvensutgreiinga korleis områda er eigna til utbygging ut frå nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av myr i arealplanlegginga.

*5.3, 5.4 og 5.7 Auenhauglie - FB-25 og 5.8 Golsfjellet Fjellstue FB-25*

- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon og kulturlandskap med stølsområde.

*5.13 Lauvset ved Sagbråten seter - FB-19*

- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for jordvern, matproduksjon og kulturlandskap med stølsområde.

*6.1 Nystølsameiga – FB-15*

- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for ivaretaking av naturmangfald og landskap i fjellområda.
- I konflikt med nasjonale og regionale føringar for kulturlandskap med stølsområde og ivaretaking av større samanhengande LNFR-område.

*Føresegn 2.6 a), c) og d)*

- Nasjonale og regionale føringar for jordvern og matproduksjon er ikkje tilstrekkeleg ivareteken.

I samsvar med rundskriv H-2/14 *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven* skal det leggast ei rekke tema til grunn i vurderinga av om det skal fremmast motsegn. I dette ligg også ei vurdering av samfunnsmessig nytte, samt ei samla vurdering av fordelar og ulemper. Rundskrivet peiker på at ei forsvarleg avveging mellom miljøverdiar og annan samfunnsnytte føreset at kommunen sikrar at dei ulike omsyna er godt skildra, konkretisert og dokumentert i planforslaget.

Departementet minner i rundskrivet også om at kommunen kan be om utdjupande informasjon og ytterlegare grunngeving for motsegnene.

Vi ser fram til nærmare dialog om det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Med helsing

Gunhild Dalaker Tuseth  
avdelingsdirektør  
Klima- og miljøvernavinga

Eli Kristin Nordsiden  
seksjonssjef



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

*Motsegnene som er fremma er godkjent av direktør for landbruksavdelinga*

*Medsaksbehandlarar:*

Anette Søråas (landbruk), 22003673

Celine Iversen (samfunnstryggleik), 69247567

Lise Økland (vassmiljø), 32266804

Irene Tronrud (avløp), 32266819

Anne Danielsen Haugland (juridisk), 69247135

Vedlegg:

- 1 Juridisk gjennomgang av føresegnene
- 2 Vedlegg til juridisk gjennomgang - Anmodning om tolkningsuttalelse
- 3 Vedlegg til juridisk gjennomgang - Tolkningsuttalelse - Detaljeringsgraden i kommuneplanbestemmelser for underformålet forretninger og næringsbebyggelse